



STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN
Dreggsallmenningen 3
5003 BERGEN

Dato: 29.11.2017
Vår ref.: 2017/8481-21
Saksbehandlar: inggase
Dykkar ref.:

Att. Marianne L. Nielsen

Museumsløft 2017 - Avfukking – Museumsbygg - magasin - Underretning om vedtak

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til Museumsløft 2017.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 25.10.2017, politisk sak 129/2017, handsama søknaden. Denne søknaden vart diverre gitt avslag, då søknad knytt til revisjon av driftsavtalar og auka juridisk kompetanse vart prioritert.

Grunngjeving:

Etter retningsliner for "Museumsløft 2017" kan museet kun søkje om eit prosjekt aleine. Bymuseet har sendt inn to søknader, og fylkesrådmannen har vurdert at søknad om juridisk bistand er i tråd med evalueringa av museumsordninga og eit viktig løft for museet til å kome vidare.

Ved søknadsfristen 20.08.2017 var det kome inn 12 søknader. Samla søkesum var 3.427.000 kroner. Det er totalt 2 millionar kroner til fordeling under Museumsløft 2017. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt. Prioriteringa er gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekte retningsliner. For oversikt over tildeling, sjå politisk vedtak og saksframlegg.

Politisk vedtak:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=10762&caseType=Protokoll®istryEntryId=468919>

Saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=10762&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=468919>

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen melding om vedtaket vart mottatt. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka *Klage –2017/8481-21*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Irene Fredheim Kronen